



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2016

21. ÅRGANG



Svanhild Flate

Fotspora på stranda

Kristentrua i kvardagen

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Mange blir overraska når dei oppdagar at ordtak som dei syn-est om, står i Bibelen. For eksempel "den gylne regel":
"Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og profetane seier (Matt 7, 12)."

Denne er alltid aktuell. Å gjere mot andre det vi vil dei skal gjere mot oss, er ein genialt enkel leveregel, som likevel gir store utfordringar. Utfordringa blir rett og slett å prøve å setje seg inn i andre menneske sin kvardag. Korleis er det å gå i den ukjente sine sko? Korleis ville eg reagert? Korleis ville eg ha handla?

Jesus kjem ofte med desse små, geniale og forståelege for-enklingane av mange og kompliserte bod og reglar. Jesus vil at vi skal tenke større enn oss sjølve.

Dei forfølgde og utstøtte var og er Jesu hjartebarn. Det var ikkje dei sterkaste og rikaste han brukte tida med, men dei svakaste og fattigaste. Jesus meinte at det ikkje var dei vaksne som forstod Guds rike, men barna.

Når det gjeld den gylne regel, kan det jo seiast at det ikkje er sikkert at det eg vil, er det som andre vil. Men når vi snakkar om dei grunnleggjande eksistensielle behov som mat, drikke, tryggleik for oss sjølve og dei vi er glade i, kjærleik, glede, varme, utdanning – har vi noko som alle kan kjenne seg att i – uansett tru, kultur og etnisitet.

Pietà

Av Kari Moe Elgsaas

Eit av Michelangelo sine mest kjende kunstverk er marmor-skulpturen Pietà som står i Peterskyrkja i Roma. Han blei laga i 1498-99 og framstiller den sørgande Maria med den døde Jesus i armene, Jesus hennar eigen, førstefødde son. Ho tek han i fanget som eit barn, og ansiktet uttrykker all den omsorg og fortvilning ei mor kan kjenne for sitt døde barn. Pietà tyder fromheit, og er eit mykje nytta motiv i biletkunsten. Det er laga ei rekkje skulpturar av Maria med den døde Jesus. Likevel har akkurat denne skulpturen fått tittelen Pietà, nesten som eit særnamn. Kanskje det ikkje er så rart, for skulpturen er spesiell av to årsaker: han er utforma av ei einaste marmor-blokk, og han framstiller Maria som ung, ikkje som ei kvinne mellom 45 og 50 år som dei andre kunstnarane gjer. I tillegg

Med "den gylne regel" blir alle kristne bedne om å sjå verda gjennom auga til andre. Sei at du er einsam: Kva skulle til for at du hadde hatt det betre? Om du sleit med helsa, kva skulle til for å gi dagen eit løft? Dersom du hadde opplevd sorg, kva ville gitt deg glede? Førestill deg at du er ein framand på norsk jord som ikkje kan det norske språk: Kva ville gitt deg tryggleik?

Korleis hadde du ønskt å bli behandla? Kva vil du dei andre skal gjere mot deg? Gå du ut og gjer like så, seier Jesus.

Vi menneske må vise respekt for den situasjonen andre men-neske er i. Vi må vere audmjuke i forhold til andre sine val og liv. Ofte får Gud skuld for alt som er gale i verda... men san-ninga er: hadde vi menneske følgt Jesu ord om audmjukheit, nestekjærleik på tvers av landegrenser, ord om å tene andre og om å streve etter å elske våre fiendar, løfte dei sårbare og svake opp og fram, vise toleranse og nåde, dele og sette oss inn i andre sin kvardag....

Korleis hadde verda sett ut då? Sanninga er at om vi verkeleg hadde følgt Jesus, hadde det ikkje vore svoltne menneske på jorda. Krig hadde berre vore eit fjernt minne, det hadde ikkje vore nokon overgrep eller øydelagde sinn. Den dagen hadde Guds rike kome mykje nærare.

Men la oss ikkje gi oss med det, lat oss aldri gi opp håpet om å gjere ein forskjell. La oss streve etter å følge dei orda Guds son har gitt oss, for vår eigen del og for vår neste sin del.

viser skulpturen til fulle Michelangelo sin detaljerte kunnskap om menneske-kroppen sin anatomi. Pietà er eit sjeldant stort kunst-verk som nok gjer inntrykk på alle som står framfor det i den mektige Peterskyrkja i Vatikanet.




Den miskunnsame samaritanen

Då steig det fram ein lovkunnig. Han ville setja Jesus på prøve og sa: «Meister, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?» «Kva står skrive i lova?» sa Jesus. «Korleis les du?» Han svara: «Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit, og elska nesten din som deg sjølv.» Då sa Jesus: «Du svara rett. Gjer det, så skal du leva.» Men mannen ville gjera seg rettferdig og spurde: «Kven er så nesten min?» Jesus tok dette opp og sa:
«Ein mann var på veg frå Jerusalem ned til Jeriko. Då fall han i hendene på røvarar. Dei reiv av han kleda og skamslo han, så gjekk dei sin veg og lét han liggja der halvdød. Så hende det at ein prest kom same vegen. Han såg mannen, men gjekk utanom og forbi. Det same gjorde ein levitt; han kom dit, såg mannen og gjekk rett forbi. Ein samari-tan som var ute på reise, kom òg den vegen. Og då han fekk sjå mannen, fekk han inderleg medkjensle med han. Han gjekk bort til mannen, helte olje og vin på såra hans og la forbinding på dei. Så lyfte han mannen opp på eselet sitt og førte han til eit herberge og stelte vel med han. Morgonen etter tok han fram to denarar, gav dei til verten og sa: 'Sørg vel for mannen, og må du leggja ut meir, skal du få det når eg kjem tilbake.'

Kven av desse tre tykkjer du viste seg som ein neste for han som fall i hendene på røvarane?» «Den som viste miskunn mot han», svara den lovkunnige. Då sa Jesus: «Gå du og gjer som han.»



Fotspora på stranda



*En natt hadde en mann en drøm.
Han drømte at han spaserte langs stranden med Herren!
Over himmelen kom bilder fra livet hans til syne.
For hvert bilde han så, oppdaget han at der var to par spor i sanden,
det ene var hans egne, det andre var Herrens.*

*Da siste bilde for forbi over himmelen,
så han tilbake på fotsporene i sanden.
Han la merke til at mange ganger i livets løp
var det bare ett par fotspor.
Da oppdaget han også at det var de gangene
da livet hans hadde vært mest vanskelig og mest smertefullt.*

*Dette forsto han ikke, så han spurte Herren:
Herre, du sa en gang da jeg bestemte meg
for å følge deg,
at du alltid ville gå med meg og aldri forlate meg.
Men nå ser jeg at da min nød var størst
og livet var vanskelig å leve, da er det bare ett par fotspor.
Jeg forstår ikke hvorfor du forlot meg da jeg trengte deg mest.*

*Da svarte Herren:
Mitt kjære og dyrebare barn!
Jeg elsker deg og vil aldri forlate deg.
De gangene i livet ditt
da prøvelsene og lidelsene dine var størst,
-og du bare kan se ett par spor i sanden,
det var de gangene jeg bar deg i armene mine...*

Utdrag frå Visitaspreika i Vestnes kyrkje i mars 2016

Av domprost Olav Gading

Nattverd

Ordene av Paulus peker på nattverden som et møtested med dette som er annerledes: *Velsigningsbeget som vi vel-signar, gjev det ikkje del i Kristi blod? Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi kropp? Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp. For vi har alle del i det eine brødet. (1. Korinterbrev 10,16-17)*

Og Jesus sa: *Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta. Og: (Johannes evangelium 6,35) Guds brød er det brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv. (Johannes evangelium 6,33)*

I nattverden kan vi få noe av det vi lengter etter. Nattverden gir kontakt med dette som er annerledes, gir kontakt med Gud. Nattverden hører med til det gode som Gud vil gi oss. Men i vår kirke og i vår tradisjon er nattverden blitt gjort til noe annet. Det har festet seg et inntrykk av at nattverden ikke hører med til et normalt kristent liv. Det har festet seg et inntrykk av at nattverden bare er for noen få utvalgte.

Denne endringen i nattverdforståelsen skjedde i løpet av de siste to-tre tiårene av 1800-tallet. Da sluttet folk brått å gå til nattverd.

Det skjedde fordi det da ble vanlig med en forkynnelse som bortimot advarte mot nattverd. Det ble vanlig å snakke om at en måtte være *verdig* – eller *verdig nok* – til å gå til nattverd.

Egentlig var det meningsløst. For når *syndstilgivelse* er noe av det vi *får* i nattverden, så er det meningsløst å tenke at noen ikke skulle være *verdige* til å ta imot nattverden og møte Jesus i nattverden. Men det var det som ble sagt. Og det er inntrykket av at det er slik, som har holdt så mange borte mot sin vilje så lenge.

Det var kanskje godt ment. For det ville understreke at nattverden er *verdiful*, at nattverden *virkelig er* et møte med Gud. Men det fikk katastrofale følger – for kirken og menneskene. Mange steder førte det til at mer enn 90 % av dem som før hadde tatt imot nattverd, sluttet med det, selv om de fremdeles trodde. Mange steder ble folk sinte. De opplevde at de var fra-røvet nattverden. Men vi som er kommet til senere, vi har måttet leve med konsekvensene.



Jeg har møtt mennesker som har sagt om nattverden: "Du skulle bare visst hvor gjerne vi ville være med." Og jeg har møtt mennesker som har blitt advart mot nattverd: "Dette er ikke for deg," og som så har ventet i mange tiår før de igjen har våget seg til å delta i nattverden. Og jeg har møtt mennesker som har fortalt at de ikke har våget seg til nattverd hjemme, men som har deltatt når de har vært på reise andre steder.

Vi må bekjempe disse holdningene. Det kan ikke være slik at folk ikke våger å delta ved nattverden, hvis de selv ønsker å være med. Vi må rive ned murene som stenger folk ute.

Vi ser en endring. Mange steder er det barn og unge som går foran. Og kanskje er det det som må til? Kanskje er det barn og unge som må til for å åpne nordmenns øyne for at nattverden er en normal del av det kristne livet?

Nattverden gir fellesskap med Jesus. Nattverden gir frelse og syndstilgivelse. Og nattverden er et uttrykk for fellesskapet mellom oss som tror.

Nattverden er en gave fra Gud, ikke belønning. Nattverden er for syndere, ikke for syndfrie. Det er de som trenger Gud, det er vi som trenger tilgivelse og fellesskap, som trenger nattverden.

Nattverden er for oss, for oss vanlige mennesker som trenger Guds nåde og som trenger Guds tilgivelse.

Vi skal feire nattverd i dag. Nattverden er for alle som vil ha med Jesus å gjøre.

*Til ære for Faderen og Sonen og Den Heilage Ande
som var og er og vera skal
éin sann Gud, frå æve og til æve.*



Konfirmantar i Vestnes våren 2016



Fiksdalkonfirmantar. Foto: Kari Utgård



Vestneskonfirmantar. Foto: Kari Utgård



Tomrefjordkonfirmantar. Foto: Kari Utgård



Tresfjord- og Vikekonfirmantar. Foto: Kari Utgård

Bordvers og takkevers

Bordvers:

Herre, vår jord gjev oss mat nok til alle,
takk for den delen du vil vi skal få,
lær oss å dekke eit langbord i verda
som alle kan reise seg mette frå.
Amen, amen.



Takkevers:

Herre, vi reiser oss mette frå bordet.
Takk for dei kreftene vår kropp har fått.
Nye skal sitte ved bordet og ete.
Om du får fordele, får alle nok.
Amen, amen.

Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle planter som set frø, så mange som finst på heile jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Det skal de ha å eta. (1. Mosebok 1.29)

Kjærleik er omsorg i praksis.



Bibelselskapet fyller 200 år!

Av sokneprest Signe Hellevik

Fødselsdagen var 26. mai 1816 – i Vår Frelser kirke i Oslo, det som i dag er Oslo domkirke, og utgangspunktet var mangelen på biblar blant folk. Det heile starta i England i 1804, og arbeidet med å gjere Bibelen meir tilgjengeleg breidde seg vidare utover i Europa. I Norge gjorde biskop Johan Nordahl Brun i Bjørgvin ei bibelteljning i prestegjelda rundt Bergen. Den viste at det i snitt var 1000 menneske som delte på 41 biblar. Dette måtte ein gjere noko med, og Bibelselskapet var løysinga.

Frå oppstarten og fram til i dag har Bibelselskapet distribuert nærare 6,9 millionar biblar i Norge. Gjennom dei 200 åra har selskapet levert fem omsetjingar og revisjonar av Bibelen til nynorsk og bokmål. Dei første biblane var på dansk. Først i 1904 blei Bibelen utgitt på riksmål, og i 1921 var landsmålsutgåva på plass. Nordsamisk versjon kom faktisk før, i 1895. Prisen har gjort Bibelen langt meir tilgjengeleg. I 1816 kosta Bibelen meir enn ei månadsløn for mange. I dag kjem Bibelen i alle prisklassar og er også gratis tilgjengeleg på internett og i fleire appar.

Bibelen er ei samling av ulike skrifter, 66 i alt. Her finn ein historie, nokre gonger sterk og rå, her er poesi, salmar, profetiar, brev og, ikkje minst, evangelia om Jesus, fortalde av dei som kjende han og var augevitne til det som skjedde – eller disippel av augevitne.

Bibelen er eit felleseige for alle kyrkjer i verda og for alle som vil forstå vår kultur og historie. Bodskapen i Bibelen har vore til trøyst, håp og utfordring gjennom hundreåra. Han er blitt til i historisk tid, men er likevel tidlaus og aktuell. Søndag 23. oktober vil tidlegare generalsekretær i Bibelselskapet, Stein Mydske, delta på gudstenesta i Tresfjord kyrkje. Der blir 200-årsjubileet markert.



Det første nytestamentet blei utgitt av Bibelselskapet i 1819.

Balldag og basar på Vestheim ungdomssenter



Glimt frå basar for nokre år sidan.

I fleire år har Vestnes sokneråd arrangert basar og middag ein fredag-ettermiddag i oktober på Vestheim ungdomssenter. Basar vil det bli i haust òg, men dette året er derimot basaren flytta til ein torsdag. Så torsdag 27. oktober er det lurt å sette av for eit godt måltid saman med mykje hyggeleg folk og etterfølgjande basarstund. Velkommen til ein triveleg ettermiddag saman med andre.

Ettermiddagskafé



Kyrkjestova i Tresfjord

- Tysdag 6. september kl.16.00 – 18.00
- Tysdag 27. september kl.16.00 – 18.00
- Tysdag 18. oktober kl.16.00 – 18.00
- Tysdag 8. november kl.16.00 – 18.00
- Tysdag 6. desember kl.16.00 – 18.00

Inga påmelding, her er det berre å møte opp!
Treng du skyss til ettermiddagskafé?

Ring då til Silje Sylte på telefonnr: 950 93 306.
Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best muleg måte.

*Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom
Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.*

Medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp

Faddergåve

Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Å vere fadder for eit barn er ei oppgåve som ikkje vert avslutta når dåpshandlinga er over, for mange betyr det livsvarige band. Som fadder lover ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Det meiner Anne Line Tufteland Kroken, prest i St. Jacob kyrkjelyd i Bergen. Ho er fadder til Peder (1 år), og då han vart døypt våren 2015 var medlemsskap i Tripp Trapp-klubben gåva frå henne.

Lettar relasjonsbygginga

-- Dåpsklubben bidreg positivt i fadderrolla ved at den gir informasjon og opplæring om den kristne trua gjennom Peders barne- og ungdomstid. Det er lettare å drive trusopplæring viss ein har materiale og informasjon å vise til. Det gjer det også lettare å bygge relasjon mellom meg og han fordi vi har bøker vi kan lese i lag, fortel Anne Line. Dåpsklubben sender ut 3 pakkar i året med bøker og anna materiell. Kroken fortel vidare: -- Dåpsklubben gjer det lettare å utføre det oppdraget som eg har lova å gjere. IKO har mange fine måtar å synleggjere bodskapen på og gjennom materialet i Dåpsklubben blir det meir levande. Hadde eg berre hatt Bibelen å vise til, ville det ha vore vanskelegare.

Viktig med kunnskap om religion

Dåpsklubben Tripp Trapp gir ut materiell som fortel om ulike deler av samfunnet. Eitt døme er den kritikkroste boka Akim løper. Boka handlar om barn på flukt og er veldig samfunnsaktuell i den flyktningssituasjonen vi står i no. -- Det er viktig for eit barn å få vite noko om det samfunnet og den religionen ein er ein del av. Det å få kunnskap om den kristne trua gir kunnskap om religion, og når ein er kjend med omgrep knytt til eins eiga tru er det lettare å vere i dialog med andre religionar, seier Kroken.

Iko kvalitetssikrar gåva

I IKO-Forlaget er det fleire som jobbar med utveljing av bøkene og materialet barna mottar gjennom Dåpsklubben, og nettopp dette trekker Kroken fram som ein av dei viktigaste grunnane til at ho valde eit medlemskap for sitt fadderbarn: -- Eg slepp å ta jobben med å kvalitetssikre gåva fordi eg veit at IKO gjer ein grundig jobb og har ein god teologi, derfor er eg trygg når eg hjelper foreldra med trusopplæringa for Peder, fortel Kroken.

Fint at ting går av seg sjølv

Som avslutning spør eg korleis det påverkar henne i kvardagen og då ler ho medan ho forklarar: -- Det beste er nesten at det går av seg sjølv. Fadderbarnet mitt får kontinuerleg gode gåver, eg stressar ikkje med handling og det er gåver som gir større mening. Til dømes seier badeboka *Arken* noko om at Gud tar vare på barn, og det er nettopp det eg vil at Peder skal vite.

www.tripptrapp-klubben.no



Skaparverkets dag på Tomresetra

Søndag 5. juni var det friluftsgudsteneste på Tomresetra der litt over 60 stykk deltok. Med sol frå blå himmel viste naturen seg frå si beste side. Vi vart gjennom gudstenesta mint på å ikkje ta det grøne for gitt og prøve å gjere vårt beste for å verne om miljøet. Til dømes kan ein gjere eit så enkelt grep som å bli flink



på å sortere avfall som vi omgir oss med i dagleglivet: plast, metall, glas og papir. På skaparverket sin dag fekk vi også oppleve Eirik Sevaldsen Varmedal bli døypt. Det var veldig hyggeleg. Vestnes sokneråd stilte med kyrkjekaffi. Det smakte skikkeleg godt med nysteikte vaflar og nykokt kaffi der ute i det fri.



Kyrkjeverja sitt hjørne

Av Olav Egil Tomren.

Første veka i mars hadde vi bispevisitas i Vestnes. Det var 10 år sidan sist, så det er ikkje kvart år vi har ei slik hend- ing. Førrebuinga til denne veka hadde halde på sidan i fjor haust. Veka var sett opp med eit mangfaldig og innhaldsrikt program som varte frå morgon til seine kvelden.

Forutan biskop i Møre bispedøme, Ingeborg Midttømme, var også avdelingsleiar ved Møre bispedømekontor, Per-Inge Haugen, rådgjevar ved Møre bispedømekontor, Bente Wangenstein, og prost i Indre Romsdal prosti, Erling Nevland, med i hennar følge.

Første dagen starta med Morgonbøn i Vestnes kyrkje for tilsette og sokneråd, ein fin og verdig start på veka. Resten av dagen baud på innslag som bedriftsbesøk på Vard, møte med staben, deltaking på Babysong, som er eit trusopplæringstil- tak for barn 0-1 år, og middag saman med flyktingar som er busette i Vestnes. Kvelden blei avslutta med eit møte med sokneråda og fellesrådet der ulike tema blei drøfta. Ein hek- tisk, men interessant dag.

Dei neste dagane inneheldt påskevandring i Vike kyrkje, skulebesøk på Vike friskule, skulegudsteneste i Fiksdal kyrkje, omvising på kyrkjelydshuset i Fiksdal, kveldsguds- teneste i Tresfjord kyrkje med etterfølgjande møte med frivillige medarbeidarar i Tresfjord kyrkjestove, møte med ordførar og rådmann, møte med lærarane og barnehage- styrarane, bedriftsbesøk på Tremek, besøk på Oppigarden, som er ein institusjon for personar med demens, deltaking på Sittedans (bevegelsar etter musikk sitjande på ein stol) som er eit tiltak for personar med psykisk utviklingshem- ming, og avslutningsvis eit fagmøte med staben på kyrkje- kontoret. Innimellom dette tettpakka programmet blei det utruleg nok tid til tilsynssamtalar med tilsette på kyrkje- kontoret. Som de ser, skjedde her mykje på dei få dagane vi hadde til disposisjon.



Foto: Reidun Blø.

Det var imponerende å sjå kor til stades biskopen var på dei ulike arrangementa. Ho viste sterkt engasjement uansett tema som blei teke opp i dei ulike fora, det vere seg bedrifts- besøka, møte med kommuneleiinga, møte med flyktingane busett i kommunen, og elles rundt omkring.

Ho såg enkeltmennesket i mengda, og viste stor empati og omsorg i situasjonar der det var viktig og riktig.

Veka blei avslutta med visitasgudsteneste i Vestnes kyrkje søndag 6. mars, med etterfølgjande visitasmøte m/kyrkjekaffi på Vestnes bedehus der biskopen skulle halde visitasforedra- get. Ho måtte dessverre melde forfall den dagen, på grunn av alvorleg sjukdom i familien. Domprost Olav Gading blei med oss som fungerande biskop, og utførte dei pliktene som biskopen var sett opp på. Det blei ein fin dag med fullsett kyrkje. Det er sjeldan ein høyrer slik frisk allsong i kyrkja som under denne gudstenesta. Det var mange andre fine song- og musikkinnslag òg. Gading las visitasforedraget på vegne av biskopen, der vi fekk innblikk i tankar komne fram under visitasveka i Vestnes. Mange deltok etterpå på kyrkjekaffien på bedehuset. Frivillige frå sokneråda hadde ordna fint til i salen og baud på mykje god mat, - noko som skapte ei fin feststund som ei verdig avslutning på visitas- veka.

Det er mykje arbeid som ligg bak planlegging og gjennom- føring av bispevisitasen. Ein stor takk til alle sokneråds- medlemene for den praktiske hjelpa og, ikkje minst, en- tusiasmen dei la ned, og like så ein stor takk til staben på kyrkjekontoret for det ekstraarbeidet dette medførte for dei. Alt blei gjort med godt humør og stå-på-vilje. Dette gjorde sitt til at det heile blei ei veke ein ikkje så lett gløymer.

Glimt frå Biskopens møte med sittedansen



Etterlatt pappa om nytt livsmot i mørket

No kjem etterlatt far og forfatter Jostein H. Sands- mark til Vestnes og Molde. Onsdag 21. september kl. 19 kan vi møte han i Vike kyrkje.

I januar 2014 mista Sandsmark dottera Sara (13) i Bjørke- langen-ulykka, der to jenter vart påkøyrde av ein bil og drepne på ein tur med ponni og vogn. Under besøket på Vikebukta vil Saras pappa fortelje om tida etter ulykka. Det handlar om sjokk og sinne, sorg og gudskamp, for- tviling og oppmuntringar, hjelp og klemmar – og om nye smil og nytt livsmot som etter kvart kom og berga han og familien gjennom det djupaste mørket.

Ikkje «skummelt»

– Når jeg nå er rundt i landet og forteller om tapet vårt, får jeg høre at noen har uroet seg for at samlingen skulle bli bare vond – ja, litt «skummel». Men til manges over- raskelse handler dette vel så mye om å gjenfinne håpet. Dét er min melding til dem som måtte være bekymret for om de orker å være med på et slikt arrangement, seier Sandsmark. Han har også skrive ei bok om Sara,

ulykka og livet: *Pass på liten og på stor – En historie om å ta vare på hverandre*. All den positive responsen lesarar har gjeve han på boka, fekk Sandsmark til å starte Facebook-aksjonen *Skynd deg å elske!*, ei gruppe som no har nær 10.000 medlemar. På møtet blir det òg høve til å snakke med Sandsmark på tomannshand.

– Tro det eller ei, men jeg får faktisk selv god hjelp av å få høre om andres sorg og smerte. Delt sorg handler åpenbart om en følelse av både samhørighet og en slags halvering av smerten, meiner Sandsmark.



Sara og pappa.



Her og nå.

Fiksdal kyrkje

Av Kari Nakken

Midt i bygda står kyrkja vår
med tårn og spir som i farne år.
Søndagsmorgon med klokkeklang,
bøn, orgeltonar og salmesang.
Helgar for Herren både høgtid og yrke,
gjev oss ord og sakrament til dagleg styrke.
Ja, kyrkja står her så kvit og fin.
Vi opnar døra, kom, bli med inn.

I våpenhuset er Jakobstigen,
den skal oss minne om bønevegen.

Altartavla med Golgatadrama og himmelferd
vender vårt sinn mot ei anna verd.
Sølv og lys på alterbordet
midt i sentrum det heilage ordet,
snøkvit duk med kross og palmegrein
dekkjer det raude så fin og rein.
Nattverdkalken og offerskåla,
liding og siger for auga vårt måla.

Rundt det heile går alterringen,
her får vi knele og ta imot signing.
Konfirmant og brudepar bøyde kne her framme i koret,
på så stor ein dag dei med høgtid det gjorde.
Ved nattverdbordet så mang ein gong,
vi la framfor Herren all vår trong.
Tilgjeving og frimod både kvinne og mann
treng på ferda mot Livsens land.

Døypefonten i kyrkjekor,
hit får vi kome, far og mor,
legge dei små i Frelsarens hender,
han som veggen og målet kjenner.
Då ser vi mot krossen, vårt kristne symbol,
det heng der på veggen bak preikestol.
Ave Crux Spes Unica
Dei sterke orda kunstnaren sa.

Mang ei preike frå «stolen» lydde.
Der ser vi apostelen Johannes som frå Herren bydde:
elska kvarandre i gjerning og ord,
då vert det betre å leve på jord.
Guds ord er ei lykt og eit lys for vår fot,
jamvel når livet går oss imot.
Når gode dagar imot oss strøymar,
då hjelpe oss Gud at vi ikkje deg gløymer.



Foto: Ivar Magne Bergheim.



Foto: Audbjørn Gjerde Lippert.



Foto: Audbjørn Gjerde Lippert.



På veggen til venstre Getsemane,
vår Frelsar i kamp der framfor dei tre.
Om vener dei sovna, Guds englar dei vakte,
då dødsangst og kvide vår Frelsar han smakte.
Og så til slutt når vi ut skal gå, etter postludium,
då får vi sjå Kedrondalen og Golgata,
med nattsvart gru over kross og grav
Men siste biletet gjev lys og von.
Takk at du sigra Guds einborne son!

Vi takkar for fedrar som kyrkja vår bygde
i tru på at Herren over verket skygde.
Det var ikkje rikdom og overflod,
men etter trufast slit kyrkja der stod.
No er det vi som skal arven bere,
må same truskap merket vårt vere
Så kyrkja som vitne i bygda står
med tårn og spir som i farne år.

Foto: Audbjørn Gjerde Lippert.



150-årsjubileum for Fiksdal kyrkje

Av Monica Bergheim

Fiksdal kyrkje er 150 år i haust, og det har vi tenkt å markere med ulike jubileumsarrangement.
Først og fremst vert det jubileumsgudsteneste 27. november med påfølgande festsamling med mellom anna middag på Bygdaheim. Det er sendt invitasjon til både biskop og prost om å delta på jubileumsgudstenesta og festsamlinga.

Vi ser føre oss at 150-årsjubileet skal omfatte:

- Jubileumskonsert i Fiksdal kyrkje 20. november
 - Kulturkveld
 - Jubileumsgudsteneste i Fiksdal kyrkje 27. november
 - Festsamling på Bygdaheim etter gudstenesta 27. november
- Og i tillegg blir det arbeidd med eit bokprosjekt i høve 150-årsmarkeringa.

Sjølve markeringa av jubileet vil ikkje berre ha fokus på det flotte kyrkjebygget, men også på aktiviteten i og rundt kyrkja gjennom 150 år. Dette omfattar også historia til den svært spesielle kyrkjegarden vi har i Fiksdal.

Tidleg i vår vart det sett ned ein komité som arbeider med å sy saman eit verdig program for feiringa av kyrkja vår. Komiteen har mange idear og ambisjonar om å sette saman eit variert og godt program for jubileumsfeiringa. Og vi tek sjølvstendig meir enn gjerne imot innspel og gode idear frå bygdefolk og andre. Kontakt ein av oss dersom du har noko du vil bidra med, eller om du kjenner nokon som gjerne vil bidra, eller om du rett og slett har ein god idé til noko som skulle vore med.



Festkomiteen. Fv Sigmund Rekdal, Petter Inge Bergheim, Kjell Magne Nakken, Monica Bergheim og Gunn Havnsund.

Foto: Marlin Nakken Kjelsvik.

Forsamlingshuset i Tomrefjord opna 13. mars

Av Audbjørg Gjerde Lippert.

Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

Det var stor fest i Tomrefjord denne søndagen i mars. Folk frå bygda og bygdene kringom fylte huset som var pynta til fest.

Gurid Vethe Vik losa oss trygt gjennom festen, der sokneprest Signe Hellevik heldt festtalen. Signe la vekt på det positive eit slikt hus ville vere for bygda, og ba om Guds signing over det. Det var vakker song og musikk frå Tomrefjord Songlag, Tor Rødseth og barnegruppa, og Audbjørg Gjerde Lippert framførte ein prolog. Frå mange hald kom det helsingar og lykkeønskingar for huset, og blomster blei overrekte. Ein av dei som både overrekte og fekk blomster, var husstyret sin leiar, Hans Frafjord. Han orienterte dessutan om prosessen frå byggestart til dagens resultat. Ein engasjert ordførar, Geir Inge Lien, var til stades og kom med positive ord. Kommunen var sentral i prosessen med å sette i gang, i og med at dei stilte huset til disposisjon for ny bruk, - no til eit kristent forsamlingshus.

Festen blei avslutta med servering av snittar og kaker. Konfirmantane gjorde ein stor jobb på kjøkkenet saman med matkomiteen. Ei marsipankake med Forsamlingshuset sin logo var kjøpt inn for å markere denne festdagen for huset.

Huset har allereie vore testa ut til mange formål. Der har vore møte av ulike slag for alle aldersgrupper. Der har vore gudstenester, konsertar, juletreffest, konfirmantundervisning, barnarbeid, konfirmantfest og minnestund.

Det ser ut til at folk trivst i huset, at dei føler det er ein stad det er godt å vere, og det ser ut til å fylle dei funksjonane ein håpte på.



Ordførar Geir-Inge Lien saman med styreleiar Hans Frafjord



Møteleiar Gurid Vethe Vik saman med Tomrefjord Songlag.



Barnegruppa underheldt med fin song.



Sokneprest Signe Hellevik heldt festtalen.

Prolog på opningsfesten av Forsamlingshuset 13. mars 2016 Frå eitt til to tilbake til eitt

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Det er gudshusa i Tomrefjord eg vil seie nokre ord om i dag. Har lyst til å gå tilbake til **min eigen** barndom. Stort lenger kan ein vel ikkje gå om ein skal ha førstehands kjennskap til noko.

Så vidt nede i hellinga der Krogsbakken tar til, stod eit lite, kvitmåla trehus med trapp ned mot vegen. Eg kan levande sjå det for meg der eg er på veg til søndagsskule, barnemøte, yngres, basar, juletreffest, kvinneforeining eller eit vanleg misjons -eller vekkelsesmøte. Folk frå Langneset til Viåna hørde til og fann vegen dit.

Ein bitte liten gang førte inn til «aller helligste», der bildet av Thorvaldsens «Kristus» møtte oss der det hang bak preikestolen. Preikestolen ja, forresten den same som no står nede i veslesalen her, hadde noko mystisk over seg. Dette gamle, vakre møbelet, som for meg, og sikkert andre, den dag i dag vekker tankar om ei anna tid til live. Vi lurte oss av og til fram for å sjå kva som skjulte seg bak han, der han stod høgt heva over golvet med i alle fall, slik eg ser det for meg, minst to trappetrinn for å kome opp til han. Framme stod også det gamle trøorgelet, som det ikkje var særleg lett å få lyd i, men som tente til akkompagnement til songane i alle år. Hugs mellom andre at mine egne foreldre gjorde teneste der. Elles var det vindu nedover mot vegen og oppover mot fjellet, og det var på veggen mot fjellet at *Jesus i Getsemane* hang i mørke, tunge fargar, slik det kunne høve i den tunge natta før langfredag. Om det var for å støtte vegger og tak, veit eg ikkje heilt, men det gjekk stenger i taket frå vegg til vegg. Desse kunne ein pynte med lekkjer og anna til julefestane, så dei fekk ein dekorativ funksjon i tillegg til det dei egentleg var der for. Ein midtgang delte rommet i to, og på kvar side var benkar, med ei herreside nedover mot vegen, og ei kvinneside oppover mot fjellet. Her sat vi pent og pynteleg nesten som i kjønnsdelte klassar.

Bak salen, mot nord, var eit spennande rom. Det var berre eit råbygg. Men der var omn og store kaffikjellar og saker og ting. Det var nok eit slags lager i tillegg til å vere kjøkken. For meg var det kjøkkenet, for der koka vi kaffi når vi hadde kvinneforeining, det vil seie Indre Sjømannsmisjonsmøte, og i slike viktige forsamlingar har det tradisjonelt vore berre kvinner. Vi las *Fiskerens Venn*, drakk kaffi, strikka og broderte, hadde utlodning til inntekt for misjonen, og ikkje minst, kosa oss med nistene vi hadde med. Eg var berre ein jentunge saman med mange andre jentungar som var så heldige at vi fekk vere med mødrene våre på kvinneforeining. Vi knisa og småprata og forstyrra nok, kan enno kjenne heile benken riste når nokon av oss fekk tullfieren, gjerne midt i ei bønn eller ei andakt. Det var sjølvsaugt når vi skulle vere andektige og stille, at slikt helst skjedde. Då kunne den minste ting bli så komisk at det var umuleg å halde latteren tilbake.



Foto utlånt av Olav Helle.

Der må eg rose mødrene våre. Dei oversåg slikt og let møtet gå sin gang med god prat og forteljingar frå misjonsarbeidet. Vi sat gjerne benka rundt den store, svarte omnen bak i salen for å halde varmen i det uisolerte rommet som kunne vere ganske så kaldt ein vinterkveld med denne omnen som einaste varmekjelde. For meg er dette gode minne som eg har hatt med meg for alltid.

Noko anna som har festa seg, er opplevinga under barnemøta til den blinde Mathias Orheim som trylla fram vakre songar frå brettet med glas. Utan å vere ekspert på dette meiner eg det var gjennom å stryke over glasa som var fylt med ulik vassmengde, melodien kom. Vi ungane sat i alle fall som fjetra og lytta til dette underet.

Elles var det spennande med juletreffest og basar. Bollar med krem på toppen, tombola. Gang rundt juletreet.

Men av og til var der også skumle møte, syntest eg. Det var når dei snakka om dommedag og dei siste tider med sterk appell til vekkelse og frelse. Då kunne sterke kjensler og redsel kome stikkande. Men stort sett var bedehuset ein god stad for oss ungane. Der var ofte solosong, bl.a. av Ferdinand Aasen i ein periode, og mykje song av musikklaget med gitar og orgel til, kanskje også mandolin og fele. Innimellom var det misjonsmøte med film frå misjonsmarka. Spennande å sjå andre folkeslag og fremmede stader den tida. Fjernsynet var jo enno ikkje kome, så film var vi ikkje bortskjemde med.

Her må eg nemne søndagsskulen. Det var tante Inga, Inga Gjerde altså, som stod for den. Ho var ein god forteljar og hadde godt lag med ungane. Tante Inga var derimot ingen stor songar, og eg har sidan høyrte at eg brukte som unnskyldning for å sleppe å gå ein gong i blant, at det var så nifst å høyre når tante Inga song. Men til hjelp med det musikalske hadde ho ein gammal sveivegrammofon. Eg hugsar spesielt Lykksalig, lykksalig som blei spela og sunge med stor innleving til sprakande lydar frå stift og høgtalar. Drama-

tisk var teksten også. Hugsar orda «før aftan lå den knust under haglværets sky». Trur det var ein blome det var snakk om, men ein metafor på menneskelivet. Det skjønte vi nok også som ungar. Dette er fritt etter min hukommelse. Elles hadde vi spennande besøk av Thorbjørg Flataker og Gudrun Tokle. Då var det gjerne flanellograf i tillegg.

Slik ser eg for meg livet i det kvite huset i Krogsbakken i min barndom. Ofte var det heilt fullt av folk frå alle kantar av bygda.

Om grunnen til at vi la ned huset for å bygge to nye, var at huset var for lite, eller i for dårleg forfatning, veit eg ikkje, var for lita til å vere med i diskusjonen, eller om det var fordi avstanden blei for stor for dei som budde i utkantane av bygda, veit eg heller ikkje, veit berre at eg sjølv budde midt i smørauget.

Så blei det i alle fall bestemt at bygda trong to bygg, eit inn- for og eit utafor, og smått om senn, det meste gjennom dugnad, reiste det seg to nye bygg, Tomrefjord bedehus og Lid bedehus. Dette var heilt på starten av 60-talet. For oss i Krogsbakken var det ikkje lett å vite kvar vi skulle gå, så vi gjekk litt her og litt der. Følte at vi hørde til begge stader. Mang ein kveld gjekk med til dugnadsarbeid for dei vaksne, mest menn, så vidt eg veit. Først var det jobb heile dagen, så heim å sluke ein matbit, før det var dugnad. Mang ein laurdag gjekk nok også med, men etter kvart stod to flotte hus ferdig, to bedehus som bygda var stolt av og hadde stor glede og nytte av i ei årrekke. Dei fleste her kjenner jo desse to husa,

så eg skal ikkje utbrodere dei, men det var vel nesten som med Jeppe som lurte på om han var komen til himmelen, for oss som var vant til gamlebedehuset. Her vart arbeidet frå det vesle, kvite huset i Krogsbakken ført vidare til nytte og glede for bygda. Berre eitt av desse husa står igjen i dag, som de veit, Lid bedehus som er blitt MC-klubbhus, og det er vel ikkje det verste det kan bli brukt til! Dei to andre er rivne. Veslehuset blei i parentes bemerka, seinare overtatt av Helselag eller Sanitet og blei til det vesle *raudmåla* huset i Krogsbakken.

Men i dag er bygda igjen blitt til ei. Kanskje kommunikasjon er eit stikkord her. Bilar, telefonar, nett. Vi har fått eit nytt hus igjen for heile bygda. Bygda sitt hus. Forsamlingshuset. Vi samlast her i vårt eige hus i ulike høve, i fleirbrukshuset vi har fått, eit stort hus med mange rom. Det er vel det det står om himmelen også: I min Fars hus er det mange rom, utan at vi skal dra parallellen for langt. Huset gir i alle fall anledning til mange slags aktivitetar for alle aldersgrupper der det ligg så midt i bygda som det nesten går an å få til.

Kva aktivitet vil *eg* ha? Kva aktivitet vil *du* ha? Det er eit fleirbrukshus som ønskjer å bli brukt, bli inntatt. Det er vi i bygda som skal fylle det med aktivitet. Det fyllest ikkje av seg sjølv. I ordet aktivitet ligg det at ein må vere *aktiv*. Det er kanskje både eit krav og eit tilbod.

Til glede for bygda står det der. Eg ønskjer huset lykke til og gratulerer det med opningsfesten.

Brann i Fiksdal kyrkje


Av Olav Egil Tomren

Idet Kyrkjebladet skal sendast til trykkeriet, har det vore brann i Fiksdal kyrkje. Nokre naboar og tilfeldig forbi-passerende oppdaga røykutvikling nede ved kyrkja litt over klokka elleve om kvelden onsdag 15. juni, og dei fekk straks sett i gang brannsløkking. Samtidig fekk dei berga ut av kyrkja verdifullt inventar og lausøyre. Brannvesenet fekk raskt kontroll over brannen då dei kom til kyrkja eit kvarter seinare. Det var langveggen mot sør som det var sett fyr på. I tillegg til skadane på den veggen blei det også litt lukt- og røykskadar inne i kyrkjerommet. Gjerningsmannen blei raskt funnen av politiet, og vi håper han får den hjelp han treng, frå det offentlege hjelpeapparatet.


Det var eit under at kyrkja ikkje brann heilt ned, og ein stor takk går til den heltemodige innsatsen frå dei første som kom til staden.

Kyrkja har 150-årsjubileum i år, og det er planlagt ei flott jubileumsfeiring i slutten av november. Vi trur kyrkja skal vere klar til bruk igjen til den tid, og håper at mykje folk vil komme til dei ulike arrangementa som då er planlagde. Eg trur kanskje paradoksalt nok at ei slik hending skaper endå tettare band mellom bygdefolket og lokalkyrkja.


Glimt frå vårens aktivitetar i trusopplæringa!



KRIK hadde sommaravslutning i strålande fint sommarvêr i slutten av mai:)



Kven kan segle forutan vind? Har Jesus stilt stormen igjen...



Ungdommar i KRIK Vestnes har høve til å prøve seg på diverse sjøaktivitetar:)



Pinsefest i Vestnes: Kyrkja har bursdag i pinsa, og ikring 80 born fekk oppleve bursdagsfeiring med krone, kake, frukt, pølse og is:)



Pinsefest Vestnes: Linea Evelyn Adell Karin Berg kosar seg på bursdagsfest!!



Pinsefest Vike: Ivrige ungar frå Vike Montessorribarnhage på besøk i Vike kyrkje

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrjekontoret 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124

Det er muleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.

Hendene dine – og mine

Av Kari Nakken

Yrket mitt har ført til mange situasjonar, både trivelege og trasige, og også til «gylne» augneblikk. Eg minnest ei dame som vart to dagar som mangla på 100 år. Eg var der for å hjelpe henne som så ofte før. Då opplevde eg ein slik gyllen augneblink. «Eg er oppteken av hendene og det inntrykket dei gjev.» Tenkte at denne opplevinga måtte takast vare på. Det vart i form av diktet **Hendene dine – og mine**.

*Hendene våre kan tolke så mangt.
Dei kan vere harde og kalde,
gje uttrykk for at no har du gått for langt!*


*Hendene kan ha ei travel og rastlaus
«bli ferdig med dette»-haldning
som lett kan såre dei som mellom anna slit med aldring.*

*Men hendene kan òg vere ømme og vare,
gje bod om at – dette er ingen fare.
Hendene fortel, jamvel om du ikkje er i stand til å svare.*

*Hendene mine hjelpte deg.
Du strauk varleg over dei, let godhugen strøyme.
«Du liker hendene?» Svaret du gav, skal eg aldri gløyme:
«Dei er nærast sjela, veit du.»*

*Slik er det. Hundre års visdom synte det klart.
Hendene tolkar vår haldning, meir enn vi trur,
anten ho er god eller hard.*

*Hendene tolkar kjærleik – og hat.
Hegnar om sine, steller til mat.
Strevar for føda i alle slags yrke.
Bruk dei til det gode så lenge dei har sin styrke!*



Kyrkja på tur

Fredag 10. juni kom 23 kjekke 4. klassingar til kyrkjekontoret. Dei fekk oppleve ein ettermiddag med grilling, sjokoladecake, musikkvideoar, sporløp, vannballongkasting og tur i nydeleg vêt.



Heile gjengen samla framføre kyrkja.



Veldig populært med vannballongkasting.



Kosar seg på tur frå Kråkvika til Vestheim.



Intens konsentrasjon under sporløpkonkurranse.

10 + i Vike kyrkje

I april var det oppstart for 10+, ein klubb for dei frå 4. klasse og oppover. Dette er eit tilbod som Vike og Tresfjord sokn har saman. Klubb dagar er fredagar frå klokka 18.00-20.00. Før sommaren vart det gjennomført 3 samlingar, der den siste var ei sommaravslutning ute ved Bårdplassen. Tre klubbkveldar vart gjennomførte der det kom 35 barn kvar gong. På kvar samling har det vore

ei bibelforteljing, mat og ulike aktivitetar. På sommaravslutninga var vi så heldige at vi fekk sol og blå himmel, noko som førte til at fleire prøvde seg på eit sjøbad. Vi takkar for godt oppmøte og gler oss til å starte opp att til hausten. *Datoar for 10+ hausten 2016: I Vike kyrkje fredagar kl.18.00-20.00: 2. september, 30. september, 21. oktober, 4. november, 2. desember.*



Sommaravslutning 10+ ved Bårdplassen



Andakt i kyrkjerommet.



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus stiller stormen!



Finn ni dyr!

Namnet på ni dyr er gøymt inni rutenettet. Dyrenamna står bortover og nedover. Finn du alle ni?

R	N	I	G	J	H	L	A	B	W
R	A	R	D	E	U	G	L	E	I
E	F	E	R	N	N	Y	Å	E	N
K	R	O	K	O	D	I	L	L	E
O	I	T	A	P	O	D	N	E	S
R	R	E	T	P	E	L	A	F	U
N	K	R	T	I	G	E	R	A	R
A	N	D	R	O	T	I	U	N	Y
S	L	A	B	A	D	T	E	T	Z

Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Jesus lærte folket om Gud. Så dro han og læresveinane over sjøen. Undervegs vart det storm!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

06.03 Sonja Mjanger
06.03 Frida Aas-Risvik
27.03 Lukas Sjøholt Lervik
10.04 Marcus Røv Lenning
10.04 Sarah Vik Høgseth
15.05 Nikolai Rekdal
15.05 Liam Ellingsæter
15.05 Filippa Klokset
05.06 Eirik Sevaldsen Varmedal
(døpt på Tomresetra)
26.06 Elida Overaa Hole
26.06 Marcus Finnvik
26.06 Johanna Aakernes Gjerde
12.06 Axel Øveraas-Staurset
(døpt i Stordal)
10.07 Torstein Utgård Skjegstad
10.07 Thor Fu Hjelvik
07.08 Alva Sofie Roald Åkre
07.08 Elias Domaas Longva
07.08 Kristofer Mikael Must

Vigde:

15.07 Magnhild Eikeseth Nordli og
Olav Egil Tomren
06.08 Marta Sofie Norheim Eriksen
og Sondre Tvetene Malme

Døde:

23.02 Kårstein Ingvar Vik
24.02 Solveig Kristine Sanden
01.03 Karn Søråas
04.03 Karl Sigmund Vestre
06.03 Marianne Skudal
11.03 Terje Gjelsten
16.03 Anne Berit Halås
17.03 Olav Karsten Skavnes
18.03 Bjørnar Vold
24.03 Asbjørn Heggem
01.04 Sverre Magnar Blø
03.04 Tor Idar Sandnes
21.04 Sindre Taklo
01.06 Sigmund Langstein
13.06 Malvin Sæther
22.06 Per Torgeir Røe
28.06 Inger Bechstrøm
01.07 Per Kolbjørn Venås
04.07 Oddvar Normann Salomonsen
05.07 Jorunn Ragnhild Lid
08.07 Marie Frafjord

10.07 Odd Legernes
12.07 Arne-Jan Steen
17.07 Laura Solnørdal
25.07 Ivar Bjarne Nerås
03.08 Karoj Turi
04.08 Bjørn Helge Degerud
05.08 Odd Lidvar Lid

Fiksdal kyrkje

Døpte:

13.03 Johannes Bergheim Rørvik
12.06 Frøya Ræstad Tomasdottir

Døde:

03.04 Per Guttorm Rekdal
04.04 Terje Andreas Rekdal
09.06 Mikal Marken
24.06 Birger Eik
21.07 Agnes Martine Gjelsten

Tresfjord kyrkje

Døpte:

28.03 Isak Beinset
28.03 Reece Stephen Skjegstad
17.04 Eivind Lindset
17.04 Ingrid Lindset
19.06 Alina Madeleine Kismul

Vigde:

18.06 Siw Javeria Sande og
Jens Ashari Klokkehaug
02.07 Ingeborg Hovden og
Jan Kåre Stavem
09.07 Inga Villa og
Øystein André Mjøs

Døde:

02.03 Jan Inge Skarshaug
10.03 Odd Kåre Villa
02.04 Kari Villa
02.05 Tor Helset
19.06 Johan Sigmund Longva
12.07 Karl Flemming Bruun
27.07 Edit Arna Skjegstad
02.08 Turid Ingebjørg Jemtegård
Remen
05.08 Kilda Margrete Hoem

Vike kyrkje

Døpte:

24.04 Lucas Balstad Vik

Vigde:

09.07 Catharina og
Cato Frisvoll Sigvartsen

Døde:

28.04 Sylvi Viset Hansen
28.07 Erling Vike

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest
Telefon: 71184234/ 91123045
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest
Telefon 71184236/ 99717442
E-post: inger.marie.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232
E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje
Telefon: 71184235/ 91629416
E-post: kyrkjevevjerje@vestnes.kommune.no

Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar
Telefon: 71184237/ 95948477
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ellen Edvardsen, vikar for trusopplærar
Telefon: 71184238/ 41472908
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmanntlærar
Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

28. august 15. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Redd Barna.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Konfirmasjonspresentasjon.

Konfirmantjubileum.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

04. sept. 16. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Topp Safari.

11. sept. 17. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Jubileum 60-årskonfirmantar.

Kyrjekaffi. Takkoffer til IKO

kyrkjelege pedagogiske senter.

18. sept. 18. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna.

Nattverd. Takkoffer til Misjons-

prosjektet i Mali.

25. sept. 19. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Takkoffer til Kristent

arbeid blant blinde og svaksynte.

02. okt. 20. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. til 2- og

4-åringar. Takkoffer til Søndags-

skulen i Romsdal krets.

Tomrefjord Kr. F. hus kl 16.00

Familiegudsteneste. Utd. til

5. klasse. Takkoffer til Tomrefjord

kristne forsamlingshus.

09. okt. 21. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrjekaffi.

Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

16. okt. 22. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

23. okt. 23. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Besøk av

generalsekretæren i Bibelselskapet.

Takkoffer til Bibelselskapet.

30. okt. Bots- og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Kyrjekaffi. Søndagsskule.

Takkoffer til Evangeliesenteret.

06. nov. Helgemessesøndag.

Gudsteneste i alle kyrkjene.

Vike kyrkje kl. 11.00

Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Takkoffer til Diakoniarbeidet i

Vestnes.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Takkoffer til Diakoniarb. i soknet.

12. nov. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ungdomsgudsteneste.

Takkoffer til KFUK-KFUM

Møre og Romsdal

13. nov. 26. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. til 5.

klasse. Lys våken. Takkoffer til

Trusopplæringa i Vestnes.

20. nov. Kristi Kongedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Lys våken.

Utdeling til 5. klasse frå Tresfjord og

Vike. Takkoffer til Trusopplæringa i

soknet.

27. nov. 1. s. i advent

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Jubileumsgudsteneste.

Biskop og prost deltek.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

04. des. 2. s. i advent

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste .

Lys våken og utd. til 5. klasse frå

Vestnes. Kyrjekaffi. Takkoffer til

Diakoniarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse, konfirmantane deltek.

Takkoffer til konfirmantarbeidet.

